

# Kontinuitet og topp kvalitet

**Kontinuitet, tru på** det du driv med, og ikkje minst stoltheit og glede i det du skapar, betyr ofte topp kvalitet. Det finst ikkje mange andre måtar å forklara at to av åtte prisar under utdelinga av Matprisen 2018 gjekk til vesle Sogn.

**Det blir lagt** merke til eit godt stykke utanfor fylkesgrensene når Sogn Jord- og Hagebruksskule i Aurland vann prisen som Årets formidlar og Balholm i Balestrand tek tittelen som Årets produsent. Noko dei gjorde då «Matprisen 2018» vart delt ut i Oslo seint måndag kveld.

**Begge desse verksemdene** er svært godt lokalt forankra. Meir enn noko er det iherdig innsats over tid, frå ei handfull eldsjeler, som har løfta dei to heilt til topps her i landet. Og berre så det er sagt – ingen skal tru at dette har kome lett.

**Då lærar Gry Tokvam** og elev Elin Rømo Grande tok imot prisen på vegner av jordbruksskulen, nytta dei til dømes høve

til å takka dei som for 101 år sidan starta det heile. Dei som såg kor viktig det er å formidla kunnskap om det å produsera mat og starta ein jordbruksskule.

**Men dei som** på slutten av 1980-talet la om drifta og pensum på ein slik måte at dette vart landets første – og framleis einaste – heiløkologiske landbruksskule vart sjølvsagt også nemnd og takka for. Det er liten tvil om at Sogn Jord- og Hagebruksskule i dag berre hadde vore omtalt i historiebøkene, om det ikkje var for denne framtidsretta omlegginga.

**Kampen for å** overleva har vore tøff nok også som ein økologisk skule, men dei har verkeleg stått på i bygda og klart å overtyda både lokale og meir sentrale krefter om kor viktig det er å behalda eit tilbod som dette. Og for alle som har brukt tid og krefter på å utvikla skulen, må denne høgthengjande prisen bety mykje. Den er i alle fall svært fortent!

**Rundt ti år** etter at jordbruksskulen vart økologisk, kom Balholm på bana med sine lokale og økologiske drikkevarer. Sidan 1999 har den driftige og effektive verksemda i Balestrand vakse og utvikla det eine produktet meir spennande enn det andre.

**Gjennom meir enn** 20 år var verksemda hatt fokus på fruktdyrking og foredling av frukt og bær. Som juryen peika på er Balholm «tradisjonsbærende nyskapere i sin produksjon av alkoholhaldige og alkoholfrie fruktdrikker. Kvaliteten er høy og sortimentet stort». Dette er noko å ta med seg og gje ein sentral plass på troféveggen heime i Balestrand.

**Det er liten** tvil om at begge prisvinnarane har betydd – og betyr svært mykje for økologisk landbruk og fruktproduksjon. Me gratulerer begge med ein pris som bidreg til å gje regionen vår eit skikkeleg kvalitetsstempel også når det handlar om økologisk og berekraftig mat- og drikkeproduksjon.

---